



Laussal: 50 kr

Åreblad



www.vfkl.no Vestlandsk kystkultur — organ for Vestland Fylkeskystlag Sept. 2022 - 28. årg.



Kontaktinfo	2	Opprusting av Skjeljanger fyrstasjon	16
Leiaren har (r)ordet	3	Naustvøling i Holmefjord	17
Årsmøte i fylkeskystlaget	4	Merke frå ei svunnen tid	18-21
Kontingentjustering betrar økonomien	5	Den Store Roen 2021	22-23
Nytt frå fylkeskystlaget	6-7	Den Store Roen 2022	24-26
Inspirasjonshelg på Rongevær	8-9	Kven vert Den Store Roen-arrangør?	27
Den mystiske alnastaven	10-12	Nordfjordbåtlaget i nye lokaler	28-29
God aktivitet i Sandviken	13	107 år og like kjapp	30-31
Motorvøling på Bømlø	14-15	Åtring til fylkeskystlaget	32

Kontaktinfo

Vestland Fylkeskystlag

www.vfkl.no

Leiar: Thomas Johnson
Birkelandsvegen 142, 5392 Storebø
959 13 144 post@vfkl.no

Alden Kystlag

v/Siri Helle
Trollefossvegen 23
6982 Holmedal
408 53 549,
helle.sirihelle@gmail.com

Askøy Kystlag

v/Atle Grindheim
Askvegen 567, 5307 Askøy
924 20 912, leder@askoykystlag.no

Austevoll Kyst- og Sogelag

v/Thomas Johnson
Birkelandsvegen 142, 5392 Storebø
959 13 144, johnson@lysglimt.net

Austevoll Seilforening

v/Andreas Iversen
Postboks 9, 5392 Storebø
90 04 01 57, andreas@aiversen.no

Austrheim Kyst- og sogelag

v/Einar Ellingsen
Littleindås 111,
5943 Austrheim
95 17 83 40

Bergen Kystlag

v/Thomas Due Sivertsen
Elsesro 52, 5042 Bergen
902 36 337,
bergen.kystlag@gmail.com
www.bergenkystlag.no

Bergens Sjøfartsmuseum

www.bsj.uib.no
Postboks 7800, 5020 Bergen
55 54 96 00,
post@sjofartsmuseum.no

Bømlo Kystlag

v/Magnar Skålevik
Ramsbakkane 1, 5420 Rubbestadneset
91574667,
magnar.skalevik@haugnett.no

Båtlaget Njord/Tysnes

www.sigling.no
v/Einar Aslaksen
Njordstø, Postboks 38, 5696 Tysnes
94 26 48 52,
eninar.aslaksen@haugnett.no

Fanaffjorden Tradisjonssegling

v/Kjell Magnus Økland
Petedalsheia 77, 5254 Sandsli
950 46 739, kjellmag@gmail.com

Fjell Kystlag

v/Leif Audun Kalsund
Pb 38, 5346 Straume
977 30 146, kalsundl@gmail.com

Foreininga Kystordverket

www.kystordverket.no
v/Gunnar Bjørknes
91 77 97 55
post@kystordverket.no

Hardanger Fartøyvernssenter

www.fartoyvern.no
Postboks 53, 5601 Norheimsund
47 47 98 39
fartoyvern@hvm.museum.no

Hardangerfjorden Kystlag

v/ Geirmund Storaas
Pb 45, 5600 Norheimsund
414 42 795, info@trebaat.no

Hope Trebåtlag

v/Leiv Terje Sangolt
Pb 85, 5382 Skogsvåg
454 26 736, lsangolt@gmail.com

Hordamuseet

<http://www.bymuseet.no/vaare-museer/hordamuseet/>
Hordnesvegen 24, 5244 Fana
479 79 580
hordamuseet@bymuseet.no

Holsnøy Kystlag

v/Jegvan Kaarbø
Skjelangerveien 661, 5917 Rossland
911 48 103,
jegvan.kaarbo@gmail.com
holsnoykystlag@yahoo.no

Hornelen Kystlag

v/Sigmund Larsen, Lefdal,
6776 Kjølisdalen
57 86 39 72 - siglarlse@online.no

Indre Sogn Kystlag

v/Marny Tønnessen
Pb. 62, 6851 Sogndal - 970 30 828
isk@norveg-sognefjord.no

Kalvåg Kystlag

v/Bjarne Pedersen
6729 Kalvåg
bjarne64@live.no
www.facebook.com/KalvagKystlag

Keipane Kystlag

v/Evy Bjørvik Dame
Ytrebygdsveien 129, 5251 Søreidgrend
97423267, Evy.Dame@vlfk.no

Kinn Kystlag

v/Øyvind Haram
Slettvollen 1
oeivindharam@eninvest.no
48 25 87 89

Kvinnherad Kystlag

v/Leif Jarle Kallestad
Bjørkhaugvegen 17, 5450 Sunde
93201813,
post@kvinnherad-kystlag.no

Kystlaget Romsa

v/Terje Lunde
Pb. 23, 5582 Ølensvåg
982 86812, post@kystlaget.romsa.no

Kystmuseet i Øygarden

www.kystmuseum.museumvest.no
Museumsvegen 9, 5337 Rong
53 00 61 40
kystmuseet@museumvest.no

Kystkulturlaget i Vågsøy

v/Kjell Magne Kvalheim
Øvreveien 185, 5966 Raudeberg
kmkvalheim@outlook.no
94 79 13 11

Kystkultur.no

www.kystkultur.no
v/Kjell Magnus Økland
Sandsliahaugen 30
Postboks 7900, 5020 Bergen
950 46 739, post@kystkultur.no

Milde Båtlag

www.mildebatlag.org
v/Geir Lasse Taranger
Skipanesvegen 12, 5259 Hjellesd
90 11 15 96, styret@mildebatalag.org

Nordfjordbåtlaget

v/Lars Bjarte Osland, 990 03 077
Naustvikveien 87
6828 Hestnesøyra
bjartis@hotmail.com

Norges Fiskerimuseum

www.fiskerimuseum.museumvest.no
Sandviksboder 23, 5035 Bergen
53 00 61 60
fiskeri@museumvest.no

Opsangervågen Kystlag

v/Edvin Hammerø
Sundsvegen 10, 5450 Sunde
950 36 557, ehammero@online.no

Oselvarverkstaden

www.oselvarverkstaden.no
v/Vidar Langeland
Hamnevegen 41
905 56 285
vidar@oselvarverkstaden.no

Oselvarklubben

www.oselvarklubben.no
v/Petter Strømme
Espelandsvegen 166
5258 Blomsterdalen
92412523
petter@gebet.no

Oselvarlaget på Os

v/Egil Rundhovde
Kleivane 1, 5200 Os
97960884, timberdal@me.com

Sagvågen Kystlag
v/Terje Lamo
Pb 147, 5408 Sagvåg
905 66 101, tl@tlamo.no

Sandviken Kystlag
v/Rune Tvedt, 48 28 53 46
Sandviksboder 15-17, 5035 Bergen
runetve@online.no

Seilmaker Iversen
www.seilmakeren.no
Mjåtveitflaten 31, 5918 Frekhaug
55 55 74 58,
produksjon@seilmakeren.no

Sund Kystlag
v/Johannes Lidal,
Pb. 119, 5373 Klokkevik
982 23 733
johanneslidal82@gmail.com

Sveio Kystlag
v/Terje Lier
Strømøyveien 71, 5554 Valevåg
908 37 477
terje.lier@norseagroup.com

Torgdagen i Bergen
www.torgdagenibergen.no
v/Anita Heggholmen
Postboks 315, 5343 Straume
92 66 34 72
post@torgdagenibergen.no

Tysnes Kystlag
v/Oddvar Meland
5693 Årbakka
907 92 547
tysnes.kystlag@gmail.com

Vinnesholmen Kystlag
v/Roger Hoel,
Vinnesvegen 518, 5641 Fusa
900 93 249
vinnesholmen@fusi.no

Wærholmen Kystlag
v/Tom Peder Jakobsen
Hellebøstranda 928
6947 Lavik
41 64 93 57
tom@waerholm.no
www.waerholm.no

Ytre Sogn Kystlag
v/Lars Svaberg, 91 17 85 95
Øvre Stølen 91
5966 Eivindvik
ytresognkystlag@yahoo.no

Meld adresseendringar til:
Forbundet KYSTEN,
Øvre Slottsgate 2b, 0157 Oslo
forbundet@kysten.no
Tlf. 22 42 42 82



**Thomas Johnson til rors
på Austevoll kystlag sin
«nye» dory H-128-AV.**

Leiaren har (r)ordet

Endeleg! Årebladet er atter ein gong klår til trykking. Det har ikkje handla om mangel på stoff, heller tvert om. Denne utgåva av bladet vårt inneheld eit utval av store og mindre hendingar. Og det har vore utfordringa for redaksjonen denne gongen – med såpass høgt aktivitetsnivå for dei involverte, har tida ikkje strukke til. Men no er Årebladet her med både reportasjar og nyhende lesarane bør merke seg.

Kanskje vil den årvakne lesaren kunne fornemme ei aldri so lita retningsendring i kystlagsmiljøet her vestpå. Hittil har kystlaga hatt stor fokus på det indre livet i kvart einskild kystlag. Vi har våre båtar, dugnader og medlemsaktivitetar å bale med gjennom året. Indremedisin I høgsetet, kan vi seie. Men no aner vi ei endring på det som kan vera viktig for utvikling av kystlaga framover. Dette heng truleg saman med eit anna trekk som mange vil kjenne att – forgubbing og rekrutteringssvikt. Det bryggjer opp til at meir energi vert brukt på å løfte blikket og verte meir synleg enn tidlegare, utanfor det trygge naustmiljøet vårt. Ser ein etter med blikk for utviklingstrekk, vil tendensen mot å opna kystmiljøet opp for andre, vera inkluderande, tilby aktivitetar med fokus som strekk seg langt utover vår noko 'eksklusive' krets, tre fram. Den Store Roen hadde dette som grunntanke heilt frå konseptet vart lansert. Fellesnaust er òg retta mot nye brukargrupper. Åttringen som fylkeskystlaget har ansvar for å gjera tilgjengeleg for alle, og spesielt ungdom, og dei nybygde seksæringane som omtalast i bladet, er eit tredje døme. Vestland fylkeskystlag fekk i vår eit innspel frå Bergen Kystlag om trongen for å røske opp i kystlagsmiljøet og få i gong ei ungdomssatsing. Vi måtte koma oss ut! Og det passa som hand i hanske med fokuset på seminaret vi inviterer til i september. Les meir om det på s 8-9 i bladet.

Ser vi starten på ei kursjustering i kystlagsmiljøet? Det vonar vi.

Helsing Thomas Johnson
Leiar, Vestland fylkeskystlag

Det er no snart to år sidan førre utgåve av Årebladet. Desse åra har me måtta gjera mykje anna enn det me eigentleg vil gjera. Korona-perioden har vore prega av utsetjing, omstokking og avlysningar. Pandemien har vore svært merkbar for alle, også Årebladet. Det er difor gledeleg å sjå at kystlaga framleis er vitale og i full sving. Ting byrjar no å koma tilbake i sitt vante gjenge igjen og me kan igjen sjå framover. Sjølv om hausten no ventar er det ingen grunn til å gå i hi. Båtar treng vøling, planar bør leggjast og kanskje er det tid for fagleg påfyll til vinteren. Vonar dette Årebladet kan gje inspirasjon til å ta fatt på nye økter til beste for kystkulturen i Vestland. Helsing Kjell Magnus Økland, bladstyrar.



Om Årebladet

Utgjevar: Vestland Fylkeskystlag
www.vfkl.no Opplag: 1150 ex.

Trykte utgåver av Årebladet vert postsendt til alle kystlagsmedlemmer i Vestland fylke.

Bladstyrar: Kjell Magnus Økland
Send bladmat på epost til
post@kystkultur.no

Framsidedfoto: Segling med fire seksåringar på Lurefjorden under sumarskolen for barn og unge på Lyngheiseret i 2021.
Foto: Kjell Magnus Økland.

Årsmøte i fylkeskystlaget på Ågotnes



Leif Kalsund, leiar i Fjell kystlag, ynskjer velkomen.

Fjell kystlag var vertskap for årets årsmøte i fylkeskystlaget laurdag 12. februar. Vel 20 personar frå fem kystlag stilte i Buanaustet på CCB-basen på Ågotnes. Referatet fortel om fylgjande saksgang:

1. Val av:
 - A) Ordstyrar: Thomas Johnson
 - B) Skrivar: Per Otto Svendsby
 - C) Teljekorps: Thomas Johnson
 - D) Protokollunderskrivere: Liv Bjercknes og Siri Hanson
2. Godkjenning av årsmøteinnkalling: samrøystes godkjent
- Årsmøtet er dermed lovleg sett og vedtaksfør.

3. Godkjenning av årsmelding for 2021: Thomas Johnson gjekk gjennom årsmeldinga for 2021. Godkjent utan merknader.

4. Rekneskap for 2021: Rekneskapen 2021 vart samrøystes vedteke av årsmøtet.

5. Arbeidsplan for 2022: Samrøystes godkjent.

6. Budsjett for 2022: postane for Den Store Roen og åttaringen vart endra, budsjettet godkjent.

7. Innsendte saker: det var ingen innsendte framlegg.

8. Val
 - A). Styre og varamedlemmer: Valkomiteens framlegg samrøystes vedteke = attval på alle.
 - B) Kasserar og revisor: Erik Aadnanes og Harald Dag Grindheim.

- C) Valnemnd: Gunnar Onarheim, Siri Hanson og Øyvind Konglevoll.

Per Otto Svendsby, referent
Siri Hanson (sign) og Liv Bjercknes (sign)

Under møtet fekk møtelyden betasuppe og etter sjølve årsmøtet var det omvisning på Fjell kystlag sitt anlegg. Her fekk ein sjå mange båtar og mykje godt arbeid som var i fin framdrift.

God stemning på årsmøtet til Vestland Fylkeskystlag.



Forbundet Kysten aukar kontingentoverføringa til fylkeskystlaget

Forbundet Kysten sitt landsmøte 2021 gjekk føre seg laurdag 17. april. Som så mykje anna laut også dette gjennomførast digitalt på nettmøteportalen Zoom. Av saker knytte det seg særleg interesse for fylkeskystlaget til landsmøtesak nr. 5: forslag frå Austevoll Kyst og Sogelag om auke i kontingentoverføringa til lag med regionalt samarbeid. Bakgrunnen for framlegget er som følger:

Vestland fylkeskystlag (VFKL) er ei vidareføring av Hordaland fylkeskystlag, som sidan oppstarten i 1992 har vore eit formelt samarbeid mellom kystlaga i Hordaland. Som følge av regionreforma gjorde laget i februar 2020 namnejustering til Vestland Fylkeskystlag, og lag tel i skrivande stund 21 lag. Noko av det viktigaste VFKL gjer er å stå bak utgjevinga av Årebladet, som har kome sidan 1992-1993 med eitt til to nummer per år. VFKL ynskjer sterkt å gje ut to nummer per år, men dette er økonomisk svært vanskeleg med den noverande økonomien i VFKL. Det er kontingent-overføring frå Forbundet Kysten (det forbundet sine vedtekter kallar «kystlag med formelt samarbeid») som dannar grunnlaget for VFKL sin økonomi. Slik me har fått opplyst er det i dag 30 kroner per medlem som er satsen, og dette har vore uendra sidan 2007. For å gjera VFKL økonomisk i stand til å klara å gje ut to nummer av Årebladet per år vil me i Austevoll kyst- og sogelag koma med framlegg om ei justering av denne kronesatsen frå dagens 30 kroner til 50

kroner per medlem, slik at ein kan sikra dette viktige bladet. Årebladet er den viktigaste regionale bindelekk mellom kystlagsaktørane på Vestlandet og fortener å få koma ut med to utgåver i året.

Framlegg til vedtak:

Kontingentoverføring frå forbundet til kystlag med formelt samarbeid: Kronebeløpet vert justert frå dagens 30 kroner til 50 kroner per medlem.

Med helsing frå Thomas Johnson, leiar - Austevoll kyst - og sogelag

Landsstyrets si innstilling:

Landsstyret har behandlet den innsendte saken til landsmøtet om justering av beløpet som fylkeslag og sammenslutninger mottar frå Forbundet KYSTEN, og støtter forslaget. Landsstyret presiserer at kriteriene for utdeling av midlene, som i dag krever at fylkeskystlag og sammenslutninger sender inn årsmelding og regnskap, fortsatt vil ligge til grunn for kontingentoverføringen.

Der skal det gå fram om det er gjennomført årsmøte og hvilke aktiviteter de har. Ordningen med fylkeskystlag og sammenslutninger er frivillig i organisasjonen og har ingen formell funksjon i organisasjonens demokrati. Det er liksom et uttalt ønske om at det skal foregå aktivitet på regionalt nivå, og landsstyret håper en økonomisk styrking av leddet kan føre til det. Spesielt viktig er det å følge opp regionreformen i tiden som kommer.

Forbundet
KYSTEN



Forslag til landsmøtevedtak:

Landsmøtet går inn for justering av overføring til fylkeskystlag og sammenslutninger fra kr. 30 til kr. 50 for hvert hovedmedlem.

Etter ein kort debatt vart framlegget samrøystes vedteke av landsmøtet. I praksis vil dette føra til at fylkeskystlaget sin økonomi betrar seg frå 2022 av. Dette vil etter kvart visa seg i form av to årlege nummer av Årebladet, eit på vårparten og eit på hausten.





Vestland FYLKESKYSTLAG

Vestland fylkeskystlag vonar på ei samling av kystfolket i nye Vestland fylke.

Denne utgåva av Årebladet vert sendt ut til ei rekkje aktørar i Vestland fylke som driv med kystkulturaktivitetar som samsvarer med formålsparagrafen til Forbundet KYSTEN, men som ikkje har registrert organisasjonen sin som medlem der.

Interesseorganisasjonen Forbundet KYSTEN har i dag 125 lokallag spreidd rundt heile kysten. Lokallaga i 4 fylker har hatt såpass stor aktivitet at dei har oppretta ein koordinerande lekk – eit fylkeskystlag. Fram til 2020 var dette organisert i Hordaland fylkeskystlag + tre lag i Sogn og Fjordane (Nordfjordbåtlaget, Hornelen kystlag og Indre Sogn kystlag) som tok del i Åreblad-samarbeidet. Som følge av regionreforma endra fylkeskystlaget i 2020 namn til Vestland fylkeskystlag. Fylkeskystlaget har tidlegare gjort framstøt mot lokale lag i Vestland som ikkje er organisert i Forbundet Kysten om å ta dette opp att til vurdering. Dersom alle dei laga som me kjenner til vil gå med i dette samarbeidet vil me telja over 30 kystkulturinteresserte lag i heile Vestland Fylke.

Fylkes- Kva gjer fylkeskystlaget?

Fylkeskystlaget er ein koordinerande lekk for å formidla informasjon om kva lokallaga driv med. Me gjer ut Årebladet som har kome ut med ei til to årlege utgåver sidan 1992. Med den styrka økonomien, som står omtalt på førre side, ynskjer me no å gje ut eit vår-nummer og eit haust-nummer. Korleis har me råd til det? Forbundet Kysten overfører ein prosent av medlemskontigenten frå laga i vårt område til fylkeskystlaget og det er dette som dannar utgangspunktet for fylkeskystlaget sin økonomi. Dersom tilsluttande lag vert organisert gjennom Forbundet KYSTEN vil medlemmane i tillegg til 2 nummer av ÅREBLAD motta 5 nummer årleg av Tidskriftet KYSTEN, altså får ein 7 blad i året for 500 kr. Det er mykje godt kystkulturstoff for pengane! Vestland Fylkeskystlag kan evt tilby nyttilslutta lag eit kollektivt abonnement på Årebladet for 100 kroner årleg per medlem.

Medlemskap i Forbundet kysten er personleg og kostar kr 500 pr år pr medlem. Det er ikkje fleire kostnader, verken for medlemmane eller lokallaga. Tvert imot, lokallag får tilbakeført medlemskontingent som stønad frå forbundet til drift av laget når laget er del av forbundet. Eksisterande lag treng ikkje endra på noko utover å sende kopi av årsmelding og rekneskap til forbundet ein gong pr år.

Medlemmar i Forbundet Kysten får tilsendt 5 utgåver av Tidskriftet Kysten + 2 utgåver av Årebladet + tilgang til seminar, aktivitetar + høve til økonomisk støtte frå forbundet sentralt.

Direkte kollektiv abonnement på Årebladet kan ordnast ved å setja inn 100 kr til fylkeskystlaget sin konto 3520.54.42950 og senda ein epost med namn og adresse til post@kystkultur.no

Apropos Kystkultur.no: På fleire frontar samarbeider me med Kystkultur.no. Redaktør for Årebladet er Kjell Magnus Økland, som er dagleg leiar hjå Kystkultur.no. Denne stiftinga er eit samarbeid mellom i skrivande stund 25 kystkommunar frå Sveio i sør til Stad i nord og Vestland fylkeskommune. Bruk gjerne Kystkultur.no for å marknadsføra aktivitetar i din organisasjon. Det er gratis og du får eksponering på mange digitale flater i ditt nærmiljø.

I løpet av vinteren 2022/2023 vil Kjell Magnus Økland ta kontakt med ei rekkje aktørar i Vestland fylke som driv med kystkulturaktivitetar som samsvarer med formålsparagrafen til Forbundet KYSTEN, men som ikkje har registrert organisasjonen sin som medlem i håp om å knyta nærare kontakt mellom lokale aktørar og fylkeskystlaget.

Helsing

Styret i Vestland Fylkeskystlag

Bli med og stak ut kursen

I februar 2023 skal fylkeskystlaget ha årsmøte. Fleire av styremedlemmene har signalisert at dei ikkje vil ta attval. Dette blir ei viktig oppgåve for valkomiteen: Siri Hanson, Gunnar Onarheim og Øyvind Konglevoll. Ta gjerne kontakt med ein av desse for å kome med innspel til nye kandidatar. Styret vil også gjerne ha innspel og framlegg på



post@vfl.no til kva fylkeskystlaget skal arbeida med. Dei siste åra har fylkeskystlaget fått til arrangementet Den Store Roen, utvikla Årebladet og er no i startgropa som båteigar for Oselvaråtringen Harald, som du kan lesa meir om på baksida av bladet. Kanskje sit nettopp du med den neste gode ideen og kanskje er fylkeskystlaget eit godt reiskap for å gje den ideen vinger.

Fylkeskystlaget søker vertskap for årsmøtet 2023

Vestland fylkeskystlag har tradisjon for å leggja årsmøtet sitt til eit lokalt kystlag, som regel ein laurdag i februar månad. Det er fint om det lokale kystlaget kan by på eit eigna møtelokale med høve til å visa ting på lerret/projektor eller på anna form for storskjerm. Det er fint om årsmøtelyden kan få servering og gjerne ei omvisning på anlegget til det lokale kystlaget. Fylkeskystlaget dekker kostnadene til matsservering. For det lokale kystlaget er dette eit fint høve til å visa fram kva ein syslar med for tida til andre med same interesser. Vil ditt kystlag vera vertskap? Send oss nokre ord før nyttår på post@vfl.no.

Vestland FYLKESKYSTLAG



Lokalt kystlag



Fylkeskystlaget teiknar landskapet på nytt


Vestland fylkeskystlag har fått laga eit flott kart som lokale kystlag kan låna og bruka som brosjyretorg når dei står på stand/messer og liknande.

Det er kunstnaren Solveig Kalvenes som har måla kartet på dugnad på førespurnad frå styret i fylkeskystlaget.

Kartet er malt på ei treplate som er 180 x 120 cm og høver såleis til bruk både inne og ute. Attmed kartet er det papirhaldarar for materiale i ståande A4-format. Over kartet blir det høve til å profilera det lokale lagsnamnet med 12-14 cm høge bokstaver. I kartet kan ein setja markør som til dømes peikar på staden der aktivitetane ein frontar skal gå føre seg.

Fylkeskystlaget ser for seg at kartet kan vera til nytte når kystlaga eller fylkeskystlaget sjølv skal visa seg fram i lokalmiljøet.

Inspirasjonshelg og regionalt seminar på Rongevær kysthytte



Forbundet Kysten og Vestland fylkeskystlag inviterer til inspirasjonshelg og regionalt seminar fredag 23.-sundag 25. september. Seminaret finn stad på Bergen og Hordaland Turlag si kysthytte på Rongevær i Austrheim kommune.

Program

Vi starter opp seminaret fredag kveld kl.18.00 og holder på i ca. to timer. Kaffe serveres ved ankomst og kveldsmat litt senere.

Dette står på programmet:

Drift av kystlag – lokallaget i arbeid: Kurs- og studiearbeid; innføring og veiledning om å arrangere kurs. Kurs som rekruttering av nye medlemmer til kystlaget. Hva kan kjøres som kurs og hva må til for at et kurs kan godkjennes? Veiledning for å få til gode kurs. Hva får kystlaget i støtte for å kjøre kurs – krav til dokumentasjon.

Hvorfor og hvordan får vi med barn og unge? Korleis driv kystlaga friluftsliv med små og opne båtar? Hvordan få flere med på dette? Hvilke tilbud kan vi gi til barn og unge med vekt på kystkultur og friluftsliv.

Innlegg og diskusjon:

- Thomas Johnson, styreleiar i Vestland Fylkeskystlag, ambisjonar med Vestland Fylkeskystlag (Stikkord: Den Store Roen, Årebladet, "samling" av troppene i Vestland)

- Elisabeth Skage, styreleiar Bergen og Hordaland Turlag, DNT ser mot kysten - kva kan me få til i lag?

- Kjell Magnus Økland - dagleg leiar, Kystkultur.no - Kan Fellesnaust sikra ein ny vår for kystkulturen?

- Fritjof Fosse, nestleiar Bergen og Omland Friluftsråd - Friluftsråd som samarbeidspartner med naturområder og naust.

- Atle Bergseth - leiar i Kvernbit IL ro og seglgruppe - Røynsler frå bruk av to nybygde seksæringar i 2020.

- Lars Grøteide, frå interimsstyret for Nasjonalt Oselvarsenter – korleis kan eit Oselvarsenter verta ein pådriver for å skapa aktivitet

Utveksling av erfaringer kystlagene i mellom. Til denne programposten ønsker vi at dere forbereder et kort innlegg (3 til 5 min) på å presentere ting dere er gode på og ting dere sliter med.

Annet? Gi oss tilbakemelding så setter vi det opp på programmet.

Gruppearbeid - korleis kan min organisasjon arbeida for å få til stabil nyrekruttering? Kva må til for å lukkast? Plenumsdiskusjon.

Ekskursjon laurdag:

Ro- og segltur til Sauøy friområde som ligg på ei fin, ubygde øy med fleire små lune vikar med fin, kvit skjelsand og svaberg. Her finst toalett, brygge, bord og benk og fortøyingboltar. Mogeleg å telte. Sauøy ligg mot nordvest, berre ei knapp nautisk mil frå kysthytta. Turen er også mogleg å gjennomføra i skjerma farvatn, då er distansen 1,5 nautiske mil.

Oppsummering - kva idear har kome fram i løpet av helga? Vegen vidare?

Vi avslutter seminaret søndag ca. kl. 1300

Desse båtane kjem til seminaret på Rongevær – kjem du?

Åttringen Harald

Seksæringen Carbon

Seksæringen Flødtmann I

Seksæringen Flødtmann II

Seksæringen Babben

Seksæringen Kvernbit



Praktiske opplysninger
Finne frem: For informasjon om kysthytta, veien dit og parkering, se info på www.kystkultur.no Fra parkeringen på Baløy må vi ro til kysthytta. Distanse: 750 meter, skjermet farvann).

Overnatting i kysthytta der også seminaret vil foregå. Her er en del dobbeltrom og flersengs rom. Det er køyesenger i alle rommene. Vi plasserer folk etter først-til mølla prinsippet. Ta med laken og dynetrekk.

Ut på tur: Vi skal ut i åpne tradisjonsbåter så ta med klær som passer + redningsvest.

Mat: vi serverer alle måltider men legger opp til enkel mat og satser å lage maten på dugnad. Gi oss beskjed om det er allergier eller annen matintoleranse vi må ta hensyn til.

Spørsmål? Ta kontakt med Kjell Magnus Økland, tlf 95 04 67 39 eller Tore Friis-Olsen, tlf 92 20 48 74. Påmelding til tore@kysten.no

Velkommen til seminar!

Med vennlig hilsen

Kjell Magnus Økland
Vestland Fylkeskystlag

og

Tore Friis-Olsen
Forbundet Kysten

Ekskursjon laurdag: ro- og segltur til Sauøy friområde som ligg på ei fin, ubyggt øy med fleire små lune vikar med fin, kvit skjelsand og svaberg. På øya har Bergen og Omland Friluftsråd opparbeidd brygge, toalett, bord og benk og fortøingsboltar. Mogeleg å telte. Sauøy ligg mot nordvest, berre ei knapp nautisk mil frå kysthytta. Turen er også mogleg å gjennomføra i skjerma farvatn, då er distansen 1,5 nautiske mil.



Tankar kring den «mystiske» alnastaven

Berit Osmundsen er fagleg leiar ved Oselvarverkstaden. Ho har nyleg bygd ferdig ein åttring ved Hordamuseet, som ein del av eit treårig handverkarstipend ved Norsk Handverksinstitutt.

Båtbyggerar har i århundrar støtta seg til alnastaven. Den har vært, og er, både hemeleg og mystisk, og familiane har halde måla for seg sjølve. Båtbyggerar her i distriktet (Bjørnafjorden) likte til dømes ikkje å få augnatjuvar inn i naustet eller verkstaden. Om gjester vart for lang i blikket, og såg ut til å leite etter alnastavane vart dei gjerne hivne på dør.

Eg var til dømes så heldig at eg fekk leite etter informasjon i verkstaden etter min læremeistar maskinisten og båtbyggaren Harald Dalland. Eg leita etter alnastavane hans i fleire timar. Då eg var nær ved å gje opp fann eg endeleg nokre «pinnar» som sto gøymt bakom alle skordane hans i ei krå. Skordar

er pinnar som heldt båtborstøtta seg til alnastaven. Den da på plass under bygginga, og slike er det flust av i eit båtbyggeri. Han hadde rett og slett gøymt alnastavane bakom ein røys med andre stavar.

Men kva er det då som er så fantastisk, mystisk og spesielt med alnastaven?


Det er berre ein stav med nokre få merker på, og dei gir båtbyggaren svært lite informasjon. Dei enklaste stavane gir berre tre mål, båtlengthe og djupna i båten framme og bak.

Andre stavar gir i tillegg mål på kvar omfara (bordgongen) endar i lot og stamn, samt bordbredde på første og andre bordgong på midten i båten, og med litt

flaks også plassering av midtbandet. Nokre stavar har merke for kvarte, halve og heile alen opp til $1\frac{3}{4}$ al, Men det mest vanlege er at dei berre har merke for ein heil gamal alen. Somme har merke for heil ny alen i tillegg, samt metermerke.

Dette at båtbyggerane heilt tydeleg har brukt fleire lengdemål parallelt er litt morsamt synest eg. Båtane har i århundrar vore bygd på gamal alen som delast opp i 21 danske tomme. Tømmeret derimot har i nokre hundreår vore handla i ny alen. Ny alen vart innført av dansk kongen midt på 1600-talet og svarar til 2 danske fot, eller 24 danske tommer. Då meteren vart innført vart den også rissa inn på alna-





staven, men båtane vart framleis bygd på gamal båtalén, og tømmeret handla på dansk alén. Så seint som på 1980-talet handla båtbyggjarar i Os tømmer på dansk alénmål. I dag går tømmerhandelen føre seg på metrisk kubikkmål.

Andre mål i båten, slik som dimensjonar, bordløp, bordbredder, vinklar og legg på borda, form og utlegg på halsar, korleis lot og stamn skal reise seg, djupna og form på kjøll, materialkvalitetar, bordtynning, saumplassing, og bordbredder, utanom midtbredde, samt mykje meir, må båtbyggaren kunne. Alnastaven er meir som ei «minnepinne» slik at båtbyggaren har eit startpunkt for variasjonar og skaping av båt-

tar til ulik bruk. Same staven kan nyttast til ulike båtar utifrå korleis båtbyggaren vel å tilpasse måla og skapet, ein kan bygge både god og dårleg båt utifrå same alnastav. Den viktige kunnskapen ligg i korleis båtbyggaren skapar og tenker form ut frå lokal tradisjon, opplæring, kunnskap og erfaring. Kunnskap om korleis strekket i botten vert sikta til, sikting og balansering av fram og bakskut, vurdering av innløp framme og slepp eller heng bak.

Vil båten ligge godt under andøving, eller vil han drive av? Sikting og vurdering av bæring i botn og børeomfaret, og vurdering av ripelega. Vil båten ligge godt på ripa under fiske eller segling? Vil han

kaste frå seg sjøane? Desse, og mange fleire vurderingar må båtbyggaren jobbe med under bygging, alnastaven har ikkje svar på noko av dette. Dei innøvde siktelinene, formspråket og formforståing, forståing av båttypen, kunnskap og erfaring med materialane og gode tekniske handverksferdigheiter, samt mykje meir, er det som skapar ein god eller dårleg båt.

Alnastaven vert litt som ei strikkeoppskrift som berre opplyser om pinnestorleik og strikkefastheit. Materiale, bruksområde, storleik på produktet, og mange fleir ting, må strikkaren sjølv avgjere og vurdere. Eller byggeskildring på eit hus der det berre vert opplyst om lengde og bredde

på bygget, samt måleining, resten er opp til husbyggaren å vurdere utifrå lokale råvarer, tradisjon, byggeskikk og kva bygget skal nyttast til.

Vel, kvifor var då alnastavane så hemmelege og godt passa på? Det er i grunnen det som går føre seg inne i hovudet og kroppen til båtbyggaren som er den viktige kunnskapen. Alt frå dimensjonar, skyting av omfara (båtborda ein runde rundt båten), kvar og korleis båtbyggaren siktar til dei ulike linene i båten, med meir, og denne kunnskapen ligg uansett godt skjult. Kan det hende at kompetansen i si tid var så høg, hjå så mange, at berre eit blikk på dei ulike strekane og symbola på alnastavane var nok til at ein konkurrerande båtbygger fekk hint om korleis andre tenkte i faget? Eller kan denne løyndomen og mystikken ha vore eit tidleg marknadsføringsknep, ein slags «hemmeleg komponent» som ikkje dei andre hadde? Eg veit ikkje, og alnastaven er framleis litt fasinerande synest eg.

Alnastaven er ikkje brukande til anna enn peikestav om ein ikkje er opplært i det tradisjonelle viset å sikte inn og skyte omfara på, eller kan dei ulike målepunkta og målereglane i oppbygginga av båten.

Tradisjonell skyting etter midtsnor, samt sikting av linjer og strekk i skroget under bygging er svært nøyaktige måtar å bestemme forma til skroget på. Det er langt vekke frå bestemte millimetermål eller



Frå øvst til nedst: Merke for kvart alen, halv alen, heil alen og nedst merke for bordbredde, B for botn, BR for børe og ripe.

tabellsystem som gir informasjon til linjeteikning, spanteriss og deretter fullskala oppslag/teikning der båtbyggaren kan hente alle måla i skroget. Eg trur likevel at siktinga og den innlærte naten å sjå linjene i skroget på er vel så presise som tabellar med millimetermål.

Les meir på www.handverksinstituttet.no
-> Stipendiater
-> Tidligere stipendiater
-> Berit Osmundsen — båtbygger

Helsing
Berit Osmundsen

Stor aktivitet i Sandviken

Opning av den nye kaien til kystkultursenteret lokka rundt 2000 personar til Sandviksdagen 2022.

Sundag 28. august inviterte Norges Fiskermuseum, Bergen Kystkultursenter og Sandviken kystlag til Sandviksdag. I vår har det pågått eit stort byggje-arbeid for å oppgradera kaien og resultatet er vorte fint. Med tørrmurt kaifront og betong-dekke har ein no fått mange kvadratmeter som kan vera åstad for mange aktivitetar.

På vanlege onsdagskveldar samlast mange ulike gjengar for å arbeida med sine prosjekt i Sandviken. Sidan hausten 2019 har ei gruppe på 10 deltakarar arbeidd jamt og trutt med å byggja pram. Borda i prammene er av furu, medan knea er av eik. Onsdag 7. september kunne eit par av båtane sjøsetjast. Kurset har vore under leiing av Rune Tvedt og båtbyggjar Harald Oma frå Strandebarm.

Våren 2022 leverte Oselvarverkstaden seksæringen *Fløttmann II* på 12 alen. Det er Leif Harald Amundsen, Stig Salbu Henneman og lærlingen Niis Nielsen som har buygd båten. Båten er eit samarbeid mellom Bergen kystkultursenter, Sandviken kystlag og Norges fiskerimuseum. Den er finansiert med egne midler, pengar fra salg av annan båt og tilskot frå Bergen kommune.



Overhaling av 20 HK. motor Wickmann NO. 4095



Bømlo kystlag ved Helge Sønstabø og Jan Ove Klubben har overhalt ein eldre Wickmann motor som er i Terje Midtun si eige.

Hausten 2020 kom motoren til Veteranlaget sine lokaler på Rubbestadneset. Arbeidet starta med inspeksjon, demontering og reingjering.

Følgande måtte gjerast: Nytt trust-lager, berelager i kopling. Overhalt lensepumpe, nye forringer i klaffeventiler. Ny kopling, koplingsramme og fjør fra Terje Midtun sin reservebeholdning. Overhalte koplings medbringer. Alt rengjort og malt for sammensetning.

Nye skimms 14 mm. Thrustlagerhus. Nye innstøpte rammelager og veivlager. Tilpasset veivaksel med måla 101,75 mm. Denne er slipt 25/100 deler en gang i tida. Sylinder er

sparkla der det var mest rust på. Laget nytt motorskilt. To stempelringer demontert og rengjort under.

Smøreapparat rengjort innvendig og utvendig, satt inn nye tetninger. Rør rengjort. Sjekk reverseringslager og kjølepumpe funnet ok. Rengjorde kjølekanaler i lydpotte. Motoren er lagret med kjølevæske i kjølekanalene. Kun kjølevæske lydpotte etter oppstart. Sammenstilt, og prøvekjørt. Oljepumpe ganske lekk, byttet.

Prøvestart No: 2 fungerte mye bedre, men regulator var ganske ute av stilling. Motor gikk fint når den vart riktig innstilt. Motoren er boret opp en gang i tida: sylinder Ø 262, stempel Ø 261,84. Motor prøvekjørt med 3-4 dråper olje på lagrene 10. august 2021.

Helsing
Magnar Skålevik
Leiar Bømlo Kystlag



Til høgre:
Bømlo Kystlag har fått ei
fin snekke. Ho er på 21
fot med 9 Hk Yanmar
Diesel. Båten vart bygt i
Dåfjorden i 1940 for Bre-
desen på Bømlo. Båten
har fått navnet *Smarten*.



Til venstre:
Stempel og veiv til
Sjøgutt.

Eksosmanifoilen til
Sjøgutt.



Sylinder til *Sjøgutt*.



Til venstre ser ein inn i
den delte bunnpanna.

Nedst til høgre: Veivaks-
ling med svinghjul.



Opprusting av Skjelanger fyrstasjon

På Skjelanger helt nordvest på Holsnøy i Alver kommune, er det mange historiske og kystkulturelle godbiter, som ikke ligger opp i dagen med mindre man er litt lokalkjent. At det ligger et nedlagt militært fort der fra krigens dager skal forbigås i stillhet, og det må bemerkes at området på den nordligste delen av Skjelanger neset, kalt Eldsneset fremdeles er stengt for allmenn ferdsel og disponeres i dag av Forsvaret. Innenfor området ligger den nedlagte Skjelanger Fyrstasjon som ble opprettet i 1853 som ledfyrt til det mer kjente fyret på Hellisøy ved Fedje, som anviste hovedleden inn til Bergen fra nord. Selve fyrstasjonen, en hvit trebygning på 3 etasjer ble revet for ca. 50 år siden, mens det praktfulle naustet i den unike lagunen nedenfor fyrstasjonen er i god behold og disponeres i dag av Holsnøy Kystlag etter avtale med Forsvarsbygg. Naustet er utrustet med 1 meter tykke tørmursvegger, har en grunnflate på 80 m2 med 2 etasjer og loft. Holsnøy Kystlag vedlikeholder og benytter naustet som inneholder noen historiske båter, bla. en kirkebåt fra 1840-tallet. Holsnøy Kystlag har videre planer og visjoner med hele området til fyrstasjonen og vil etter hvert diskutere disse med Forsvarsbygg og myndigheter for øvrig. Etter hvert ventes området å bli åpnet for allmenn



ferdsel. Fra gammel tid fantes det også los på Skjelanger og dette vil vi i kystlaget etter hvert se nærmere på.

Hilsen
Jegvan Kaarbø
Holsnøy Kystlag

Naustvøling i Holmefjord

Ved Ådlandsfjorden står eit gammalt naust frå om lag midten av 1800-talet. Dette er det einaste steinmurte naustet på staden og representerer ein særeigen byggeskikk i sjøbruksmiljøet i Holmefjord. Våren 2022 kunne folket i Holmefjord gle seg over filmpremiere og at naustet no er vorte ferdigrestaurert.

Kulturlandskapet ved Ådlandsfjorden er prega av eit marint næringsliv. Dette er eit kjerneområde for bøkkerhandverket, med det einaste aktive bøkkarverkstaden, Tønnegarden, i nærleiken. Naustet har òg vore nytta som verkstad for skoreparasjonar av omreisande arbeidrarar. Naustet rommar såleis sosialhistorie med god formidlingsverdi.

Naustet har over lengre tid vore i dårleg stand. I 2014 tok nausteigar Wenche Holmefjord initiativ til ein redningsaksjon og fekk med seg Knut Venneslan, dåverande leiar av Bygningsvernssenteret Voss/Hardanger. Ein fekk då gjennomført ei midlertidig sikring av taket, men vidare framdrift stogga grunna manglande midlar. I 2020 vort Kulturminnedok med Gøril Nordtvedt med på laget som søknadsansvarleg. Etter kvart kjem det fleire tilsagn om midlar til restaureringsarbeidet. I 2021 startar arbeidet.



Foto: Postracer Productions/ Ole Henning Bøe.

Kvam Maskin og Transport-service AS tar seg av tørrmuringsarbeidet. Det andre arbeidet vort utført av byggmester Haakon Kvestad.

Berre eit par hundre meter frå naustet ligg Nore Fusa oppvekstsenter med barnehage og barneskule for 1–7. trinn. Det er difor inngått ein langvarig avtale mellom skulen, Vinnesholmen kystlag og nausteigar Wenche Holmefjord om bruken av naustet. Det vil såleis gå føre seg undervisning i sjølve naustet og ikkje minst vil naustet vera utgangspunkt for båt- og sjøaktivitetar. For kystlaget vil naustet vera eit godt høve til å utvida verksemda si med båtar og kajakkar til heile Ådlandsfjorden. Slik vort naustet eit fellesgode på tvers av fleire bygder i området og ikkje minst kan det skape liv i Holmefjordsbygda.

Naustet kan òg bli arena for anna undervisning: Fagskolen Vestland har sett i gang eit toårig studium med tittelen *Klassisk bygningshåndverk og restaurering*. Den praktiske delen av faget drives ved Fartøyvernssenteret i Hardanger. Naustet er godt eigna for å visa like studentkull korleis restaureringsarbeidet gjekk føre seg, materialval og verktysspor. Ved Fartøyvernssenteret vort det òg arrangert regionale samlingar for bachelorfaget *Tradisjonelt bygghåndverk og teknisk bygningsvern* ved NTNU. For desse studentane er naustet ein fin opplæringsarena for å sjå nærare på samanføyings-teknikkar og restaurering av eldre bygningar.

Tekst:
Kjell Magnus Økland



Foto: Postracer Productions/ Ole Henning Bøe.

Merke frå ei svunnen tid

FARTSMIL: Merkestakane på Enes på Venøya er framleis intakt.

Ein januardag i 1959 tok ei handfull skodelystne plass på sørsida av Bjørnefjorden til Heio - eit lite høgdedrag like oppfor ferjeleiet på Halhjem. Herifrå er det vidt utsyn over mot Reksteren-landet. Vi som sto der var vitne til ei maritim storhending: Skipsreiar Hilmar Reksten sitt nye tankskip *Hadrian* – den gongen størst i Skandinavia – kom siglande frå verftet i Bremen. *Hadrian* skulle gå fartsmila i Bjørnefjorden. Dagen etter kunne vi lesa i Bergens Tidende at supertankaren kom opp i en speed godt over den beregnede fart på 17 knop.

I dag står fartsmilmerka på nedfalls. Fleire merke er borte. Elektronisk navigasjonsutstyr har overtatt for fysiske hjelpemiddel når skip freistar framdrifta. Men i eit par ti-år frå midten av 1950-talet og fram til rundt 1980 vart fartsmilmerka i Bjørnefjorden mykje nytta og høgt vord både av norske og utanlandske reiarlag. Avisene har mange oppslag om skip – nye og gamle – store og små – som går fartsmila i Bjørnefjorden. Bergens Tidende åleine har over femti omtalar.

Tidlegare merke

Dei første fartsmilstakane i Hordaland vart sette opp i Byfjorden i 1903 på strekninga Nordnespynten-Askeneset. I 1923 kom det opp nye merke i Byfjorden, mellom Breiviken og Helleneset. Men å gå fartsmil i Byfjorden med mykje anna skipstrafikk og i trøngt farvatn skapte problem. Og ettersom skipa også vart større og farten auka, vart det meir og meir openbert at det burde finast eit alternativ. I 1950 vart det sett ned ei nemnd som skulle koma med tilråding om ei ny fartsmil. I nemnda sat det

Fartsmil, eit lengdemål

1 nautisk mil = 1852 meter.

Knop, eit fartsmaal: 1 knop =

1 nautisk mil/time = 1,852 km/time.

Når eit skip «går fartsmila», tek ein tida skipet brukar på å gå ei nautisk mil. Så kan ein rekna ut kor mange mil skipet går på ein time. For å utjamna feilkjelder som straum og vind, går skipa fartsmila bae vegar.


Døme: Brukar eit skip 6 minutt på ei nautisk mi, vil skipet tilbakeleggja 10 nautiske mil på ein time. Skipet har ein fart på 10 knop.

Kor lang strekning (kor mange nautiske mil) som er merka, varierer.

Breiviken-Helleneset i Byfjorden: 1 mil.

Bjørnefjorden: 3 mil.

Nordnespynten-Askeneset: 6 mil.



representantar for Bergens Mechaniske Verksted, hamnefogden i Bergen, Det Bergenske Dampskipsselskap og Bergen Sjømannsskole. Marinen, som var i ferd med å flytta hovudbasen frå Horten til Haakonssvern, var også representert. Fleire alternativ var framme, både Herdla fjorden og Osterfjorden vart vurderte. Men valet fall på Bjørnefjorden, ei løysing ikkje minst Ma-

rinen gjekk inn for. Sørsida av fjorden gav eit ope og lett tilgjengeleg farvatn med gunstige straum- og vindforhold samstundes som det fantest veligna plassar til å setja opp fartsmilmerka. I 1954 kom stakane på plass. Marinesoldatar var med og støypte fundamenta. Det vart montert fire par med merke frå vest mot aust: på Svarvahella og ved Eldholmsvågen, begge på Reksten. Derneft på Enes på Vernøya og på Instøy lengst aust. Det var ei nautisk mil mellom kvart merkepar, til saman tre sjømil. Grunneigarane, Lars Vernøy, Andreas Enes og Nils og Gustav Kaldefoss stilte seg positive til at merkestakane med kraftige bardunar vart sette opp. Dei parvise merka var plasserte i retning nord-sør.


Dermed vart det enkelt for skipa å ta ut kursen, dei måtte gå rett aust eller - rett vest.

Første fartsmilprøven

Det var Det Bergenske Dampskipsselskap sin smekre passasjerbåt *Leda* som offisielt tok fartsmila i Bjørnefjorden først i bruk. Det skjedde den 22. november 1955 med diverse prominente gjester om bord frå det maritime miljøet i Bergen. *Leda* kom rett frå ombygging ved BMV Laksevåg. Dei opphavlege propellane med fire blad var skifta ut med propellar med tre blad. Største fart var målt til 22,92 knop. Gjennomsnittsfart: 22,35 knop.

Mange skip – av ulike slag og tonnasje – gjekk fartsmila Bjørnefjorden i åra som følgde.

STORHENDING: Reksten-tankaren *Hadrian* går fartsmila i Bjørnefjorden i januar 1959. Bergens Tidende har brei omtale av hendinga. (Faksimile BT 22. januar 1959.)



«Hadrian» fotografert for «BT» på Bjørnefjorden i går formiddag.

● «HADRIAN» STØRSTE ENGANGSTILVEKST...

Overgang fra side 1
værelseskubikk trolig tilsvare noe sånt som den samlede kubikk i blokkene på Paddemyren.

48.000-tonneren «Hadrian» gjennomførte en vellykket teknisk prøve-tur på Bjørnefjorden i går, og returnerer i dag til Tyskland. Under fartsprøven viste skipet sin gode sjødyktighet og kom opp i en speed godt over den beregnede fart på 17 knop.

Prøven foregikk til å begynne med under de aller beste forhold, men senere på formiddagen tyknede det til og kjempetankeren ble innhyllet i tåkeslør. Desto sterkere var virkningen da den dukket opp i synsfeltet igjen.

Kristiania Hypotek- og Realkredit-Bank

Også 1958 har vært et meget virksomt år for Kristiania Hypotek- og Realkredit-Bank.


Forvaltningskapitalen er økt fra

Skipet brukte ikke mange minutter over milen, men det tok naturlig nok lengre tid å komme rundt og inn i ny runde igjen.

«Hadrian» seiler som nevnt under tysk flagg og har tysk mannskap ombord. Flaggskipet vil som tidligere opplyst foregå torsdag 29. januar. Den norske besetning vil dra

nedover i begynnelsen av neste uke.

«Hadrian» er Nordens største skip og representerer den største engangstilvekst til Bergens flåte, men så tilsvarende også tonnasjen nesten seks 8000-tonnere, som inntil for få år siden var de største skip som f. eks. BMV bygget.



Nordens største skip i Bergensleden. «Hadrian» fotografert under «flyging» start på fartsprøven, med sjøen fossende om baugen.

tatt av et snøras og ble gravet fram etter en til to timer, helt blå i ansktet. Han pustet ikke, men ble reddet etter en times opplivningsforsøk.

Gutten skulle besøke en kamerat på nabogården. Foreldrene så ikke noe til ham på en times tid, men trodde han var i god behold på nabogården. Men da man ikke fant ham der, ble det oppdaget at en stor snøskavl var rast ut. To meter under snøen fant man gutten. Han pustet ikke lenger. To arbeidere, Birger Foss og Trygve Erfjord, avla seg hverandre med opplivningsforsøk, og senere kom doktor til stede. Gutten er nå helt rask igjen.

Veien åpnet ved Kyrping.

Riksvei 500, som har vært sperret siden tirsdag av et stort snøras ved Kyrping ble åpnet «for planen» i går ettermiddag, da man fikk en beltetraktor fra Odda til assistanse under brøytingsarbeidet. I går var det bare en liten renne som var tatt opp, og den er ikke brei nok på rasstedet til at to biler kan passere her.

«Snøtunnel» i Skånevik.

Også veien mellom Etne og Skånevik ble ryddet i går. Mens det er



TYSK MARINEFARTØY:
Tender A58 *Rhein* skapar
bølger i Bjørnefjorden i
1963. Tyskar-ane går
fartsprøva i forståing med
norske sjøkrigskrefter.
(Skjermdropp.)

Utan uhell. Men ein vinterdag i jernbaneferja *Rostock* i 1963 måtte HSD-ferja *Rosendal* som gjekk i rute mellom Os og Våge, stogga for å hindra kollisjon med det tyske marinefartøyet *Rhein*. Tenderskipet kom langt aust og lagde stor sjø. Stabssjefen ved Sjøforsvarskommando Vestlandet, kommandørkaptein B. Bjørkhaug, hadde ikkje eksakt informasjon om farten til *Rhein*. Men han opplyste til Bergens Tidende at ved fartsprøver går skip med maksimal motorkraft. Han legg til: ... *jeg kan nok tenke meg at dette fartøyet da kan ha en speed nærmere de tredve mil.*

Den 15. juli 1977 står som ein merkedag i historia til Bergens Mekaniske Verksted. Då overleverte verftet den nybygde

Sassnitz i Aust-Tyskland. Dette var ei av dei største jernbaneferjene i verda, og det første oppdraget som BMV hadde for aust-tyskarane. Før ferja sette kursen mot Austersjøen, hadde ho gått fartsmila i Bjørnefjorden og oppnådd imponerende 20,5 knop.

På tampen

Frå slutten av 1970-talet vart det meir og meir sjeldan å gå fartsmila på gamlemåten, og merka i Bjørnefjorden sto mest til fånytt. Med det var unntak. Pensjonert ingeniør Terje Enes, som i mange år jobba på teiknekontoret til Mjellem & Karlsen, fortel at i 1984 var fartsmila i bruk. Mjellem & Karlsen hadde bygd bilferja *Bergen* for Askøy-Bergen Rute-

lag og ville gå fartsmila i Bjørnefjorden. Då var den eine staken på Enes falle ned. Terje Enes var sjølv med og fekk reist den på ny.

Nokre år seinare - i 1995 - skulle Mjellem & Karlsen levera ferja *Kattegat* til Danmark, minnest Terje Enes. *Kattegat* var verdast største ein-skrogs aluminiumsferje, bygt ved Halsnøy Verft (som Mjellem & Karlsen åtte den gongen). Ferja var utstyrt med fire motorar.

BJØRNEFJORDEN: Når vi i dag skodar frå Os-sida over mot Reksterenlandet og Svarvahella, ser vi jamt ferjer under fart. Men ikkje skip som går fartsmila.




I Hordaland er fartsmila i Byfjorden mellom Breiviken og Helleneset framleis innteikna på sjøkart, men ingen offentlig instans, verken Hamnevesenet, Kystverket, Bergen og Omland Friluftsråd eller andre, tar i dag ansvar for vedlikehaldet.

Også Kattegat gjekk fartsmila i Bjørnefjorden. Den gjorde 36 knop når alle fire motorane var kopla inn. Det snodige, fortel Terje Enes, var at ferja gjekk nesten like fort med berre tre motorar: 34 knop. I praksis hadde ferja alltid ein motor i reserve.

Verft med egne merke

Det var oftast dei som hadde beinveges nytte av ei fartsmil - verft og reiarlag - som sytte for å setja opp merke. Både dei som bygde skipa og dei som hadde tinga dei, hadde eiga interesse av få stadfesta at den reelle farten stemde med spesifikasjonane i kontrakten. For eksempel sette Fredrikstad Mechaniske Verksted opp fartsmil ved Hvaler og Framnæs mek. Værksted i Sandefjord ordna med fartsmilmerke i Sandefjordsfjorden (populært kalla Framnæs-mila).

I Bjørnefjorden står enn så lenge begge stakane på Enes og ved Eldholmssundet. Her imellom kan vi framleis gå fartsmila på gamlemåten. Eg har sjølv gått fartsmila i Bjørnefjorden med snekke, Viksund 660, 15 hk Yanmar diesel. Tid: 8 minutt og 30 sekund. Fart: 7 knop.



På Instøy lengst aust er det berre den eine staken som er intakt, og merket fungerer såleis ikkje som start- og ende punkt. På Svarvarella lengst vest er bae merka borte. Her har historia ikkje etterlate synlege spor. Men minna står fast - då vi sto på Heio og følgja nybygde skip frå inn- og utland som tøya fartsgrenser på hi sida tå fjorden.

Kjelder/kjeldesporing:
Arkiv Bergens Tidende.
Terje Enes, Atle Raubotn,
Kjell Magnus Økland.

Tekst og foto:
Kjell Harald Lunde

TIL NEDFALLS: På Instøy er det berre den eine fartsmilstaken som står att.



Gløtt frå Den Store Roen 2021



Fredag 20. august starta Den Store Roen med eit lite seglkurs på Ypsøy. Laurdag vart kursen vart sett mot Eikeland nordvest på Holsnøy. Frå ulike utgangspunkt møttest 25 robåtar og 55 roarar i Eikelandsvika. På land fortalde Lena Eikeland Kutschera om erstatningskyrkjegarden som vart teken i bruk der under andre verdskrigen. Dei fleste gravene på Eikeland er personar frå Askøy. Deretter rodde folk gjennom dei sma-

le sunda ved Skjeljeholmen før ein kom til Ypso. Her tok Vigleik Ypsøy i mot, han driv gard med villsauar og skuleelevar som treng annleis skuledagar. I varmt solskin kunne deltakarane nyta medbrakt lunsj. Litt solgangsbris frå nord gav så litt motstand nordover leosen. Roarane kom seg forbi skipsleia De Naue og dei tre øyene Skarvøy, Jakosøy og Lamholmen. Ein lenda på Valen nordaust på Herdla, midt i det største fuglere-

servatet i Vestland fylke. Naturrettleiar, Lars Ågren, heldt ei kunnskapsrik orientering om både sjøfugl og trekkfugl. Fuglelivet på Herdla er svært rikt og under trekktida er det store flokkar med vadefuglar innom. Ut på ettermiddagen kunne roarane fortøya i den lune hamna Herdlevågen. Neste punkt på programmet var middag på Herdla museum. Kvelden vart avslutta med kulturkveld Egil Ertresvaag, Lars Ågren, Kjell Mag-





Venstre oppe: Kvitholmen og Ytste Valen på nordsida av Herdla.

Høgre oppe: ved nausta på Eikeland.

Venstre nede: strandhogg på Valen på Herdla.

Høgre nede: Utsyn frå Herdlabrua.

Alle foto: Roy A Nilsen.

nus Økland og Leif Johnsen hadde kvar sine innslag med musikalske avbrekk frå Jan Tufteland.

Sundagen starta med trekkspel-tonar og speilblank fjord. Turen gjekk gjennom Herdlesund og nordover Hjeltefjorden. På turen nordover passerer roarane Herdla kyrkje med klang frå kyrkjeklokka. Det er havblikk då ein rundar Gavlen før ein lender på Skarvøy. Tidlegare kystfort, i dag friområde. Avslutningsvis fortalde Gro

van der Meeren og ektemann Terje kvar sin bolk om krabben og torsken. Her nytta også leiar i Vestland fylkeskystlag, Thomas Johnson, høvet til å takka arrangørane Jegvan Kaarbø i Holsnøy kystlag og Atle Bergseth i Kvernbit IL ro og seglgruppe for svært vel gjennomført utgave av Den Store Roen.

Tekst:
Kjell Magnus Økland



Den Store Roen 2022 i Godøysund og på Solstråleøya



Dobåt og deltakarar fotografert frå Godøysund bru. Foto: Roy A Nilsen.

Tysnes kystlag, Solstråleøya grunne sund. Undervegs var Venelag, Vestland Fylkeskystlag og Kystkultur.no til inviterterte til Den Store Roen 2022. Vel 20 båtar og omlag 50 roarar deltok. Den Store Roen er ein familievenleg rotur som vert arrangert kvart år av eit lokalt kystlag i samarbeid med Vestland Fylkeskystlag. Roturane i år skjedde i området kring Godøysund på nordsida av Tysnes, med Solstråleøya som base og utgangspunkt for eventyr mellom smale og

Det mange stogg der roarane fekk høyra om John Musgrove og kong Olav sin fyrste eige- dom i Noreg, østersproduk- sjon i Sjursvika på Vetla- Godøy, skottehandel i Godøy- sund, drukning i Småsundet på 1700-talet, hotelldrift og hotellbrann, kolerakyrkjegard på Dukaneset, kyrkjeveg i ga- mal tid og mange andre ting som har gått føre seg i dette området.

Dei fleste starta turen med sjøsetjing av båtar i Lunde og roing til Solstråleøya. Her slo ein opp telt og fekk servert lapskaus. I kveldinga gjekk folk i robåtane og rodde inn i Småsundet. Der fekk dei ein liten konsert med Vivian Steinsland før dei returnerte i mørkret til Solstråleøya.

Laurdags morgon starta i østerspollen på Vetla-Godøy der ordførar Kåre Martin Kleppe orienterte om østers- dyrking. Så gjekk turen gjen- nom Småsundet før det vart strandhogg på Vetla-Godøy der ein åt lunsj og såg på ei stor eik. Det måtte fem mann til for å femna rundt stamma på eika, som kanskje er over 450 år gamal. No seig båtene bort til Godøysund bru der alle vart fotograferte. Deretter enta passering av badehuset, og hotellet før ein stogga ved rutebåtkaia der Arne Tvedt fortalde om rutebåtferdsla i

Langskips båttrim må til for å koma inn i Middelhavet.



Godøysund gjennom over 100 år. No venta eit høgdepunkt, nemleg roing inn i Middelhavet. Grunna låg bru måtte ein flytta mannskapet heilt fram i båten for å tyngja ned stamntoppen under brua, deretter laut ein krypa til baksuten for å tyngja ned bakstammen. I det vestre utløpet av Middelhavet var problemstillinga motsett, her laut ein ut og vassa for å få båten til å flyta over dei grunnaste partia. No passerte roarane under brua til Maurholmen, runda Tytebærholmen før ein la til ved kole-rakyrkjegarden på Dukaneset. Her vart det orientering om bakgrunnen for denne kyrkjegarden Etter dette sneia in innom Gunnarsvikjo før båtane lenda i Likvikjo på Tysnes. Her fekk roarane fiskesuppe frå Mandelhuset før Eldar Heide gav ei interessant orientering rundt solfenomenet



Ei magisk stund i amfiet på Solstråleøya. Foto: Roy A Nilsen

på Horga ytst på Todneset. Sundag rodde ein nordover Vel attende på Solstråleøya frå Solstråleøya, gjennom fleire venta varme grillar før ein samla seg i amfiet litt utpå kvelden. Der fekk roarane ei flott stund under løvtaket med levande lys på scenen. Vivian Steinsland song, Eldar Heide orienterte om stadnamn og viste bilete av solfenomenet på Todneset før Kjell Magnus Økland gav ei rundreise gjennom Godøysund si soge.

re sund med ved Jonaholmen, Pettersholmen og Skatetangen før ein kom ut på ein speilblank Bjørnefjord. Kursen vart sett mot Fluøyane der ein lenda i sundet mellom dei to øyane. Med 25 graders temperatur og krittkvit skjelsand var det nett so i syden. Matpause, drøs og bading var tidsfordrivet før ein rodde via Veesøya-



Her kan du gå tørrskodd frå Gåsevik til Godøysund.

øyane og sette kursen mot Maurholmen aust i Godøysund. Til slutt seig båtane gjennom Godøysund og stogga på Erleholmen, der Wenche Strømme fortalde og viste rundt på øya. Avslutningsvis venta det gryterrett på Solstråleøya. Med så nydeleg sumarver er det vanskeleg å mislukast, og det har kome mange opptil fleire gode tilbakemeldingar på arrangementet.

Høgre: Greitt nok.

Foto:

Sigvard Madsen.

Venstre:

Kviletak og låg puls på Den Store Roen.

Foto: Roy A Nilsen.

Under: Sydenstemning på Fluøyane.

Tekst og foto:
Kjell Magnus Økland



Fylkeskystlaget søker arrangør for Den Store Roen 2023

*Den Store Roen har run-
da femårsmerket. Spørs-
målet no er kven og kvar
den sjette utgåva i 2023
skal skje? Kan ditt kystlag
vera aktuell som arrang-
ør?*

Deltakarutviklinga for Den Store Roen viser tydeleg at dette arrangementet verkeleg har noko for seg.

2018: Den fyrste utgåva av Den Store Roen gjekk i Austevoll med Austevoll kystlag som arrangør. 12 båtar og ca. 28 personar deltok.

I 2019 var Lerøy og Bjelkarøy arenaen og Sund kystlag arrangøren. 14 båtar og ca. 30 personar deltok.

I 2020 var Bergen kystlag arrangør og Hordamuseet utgangspunktet. I løpet av ferda flytta ein seg til Lysefjorden. 18 båtar og ca. 35 personar deltok.

I 2021 var arrangøren Kvernbit IL ro og seglgruppe og Holsnøy kystlag. Turen gjekk i området mellom Ypsøy og Herdla. Heile 25 båtar og ca. 55 personar deltok.

I 2022 var Tysnes kystlag og Solstråleøya Venelag arrangør. Basen var på Solstråleøya og ein ferdast i farvatnet kring Godøysund på Tysnes. Ca. 21 båtar og ca. 50 roarar deltok.

Fylkeskystlaget søker no etter arrangør for neste utgåve av Den Store Roen.

Fylkeskystlaget bistår arrangøren med råd og tips, syter for marknadsføring og film-



opptak. VFKL plar òg ha god kontroll på været. I alle fall har alle dei fem fyrste åra har vore prega av nydeleg sumarvær.

Korleis bli vertskap?

Finn ein godt eigna base eller eit godt utgangspunkt, gjerne med tilgang for bil og slipp til sjøsetjing frå tilhengar.

Finn ei løype som kan fungera anten det kjem vind frå eine eller andre retninga. Flott om roarane passerer noko på vegen som kan eigna seg som tema som ein person med litt peiling kan fortelja meir om. Roarane høyrer gjerne om kultur, historie, naturfenomen eller så kan ein all-tids servera ei god skrøne.

Apropos servering: Deltakarane kjem med eiga niste, men flott om det kan lagast til minst eitt middagsmåltid i løpet av helga.

Kan det vera bål eller noko form for underhaldning på kveldstid? Overnatting skjer som regel med telt, men tak over hovudet er gode greier. Det bør vera god tilgang på toalett. Ei form for følgebåt eller sikring er heller ikkje dumt.

Det er lov å ta ei moderat deltakaravgift, slik at arrangøren får dekkja utgiftene sine.

Send inn planar og framlegg før nyttår til post@vfkl.no.



Våren 2021 har Nordfjordbåtlaget gitt nytt liv til båtbyggerverkstaden på Hestenesøyra. Dei siste månadane har det vore lys i vindauga, røyk frå pipa og høglytt hamring frå det store bygget.

På Hestenesøyra i Gloppen, ligg det ei sag som dessverre har blitt sett ut av drift. Saga var lenge driven av Ola M. Hestenes, tidlegare fylkesordførar i Sogn og Fjordane. Sonen Mathias Hestenes dreiv også saga aktivt ei stund, og han hadde til og med eigen isolert båtbyggerverkstad i andre etasje der han i ein periode bygde Nordfjordbåtar. Sidan har det vore stilt i verkstaden heilt til mars i fjor, då Nordfjordbåtlaget kystlag fekk leigeavtale med noverande eigar, Ola Steinar Hestenes, og flytta inn med fleire båtar som skulle reparerast. Gleda var dessverre kortvarig, for det tok berre ei veke før koronaen satte stoppar for nesten all organisert aktivitet.

Nordfjordbåtlaget i nye lokaler



Bilde av det nedlagde sagbruket på Hestenesøyra

Men med avstand, handsprit og munnbind har kystlaget greidd å kome i gang med aktivitet. Først med mindre samlingar med litt rydding, klinking, skraping av båt, og barking av åreemner.

Så; I fire veker i vinter har ein kunne høyrte banking og hamring frå entusiastiske kursdeltakarar på laget sitt første båt-reparasjonkurs. Ein gamal Nordfjordfæring bygd for kystfiske, får full overhaling. Rolf Tennebø har vore kursleiar og synt deltakarane teknikkar og gitt arbeidsoppgaver. Det er deltakarane sjølve som har tilpassa bord og sett dei i, «Ein lærer ikkje av å berre stå og sjå på, ein må bruke hendene og prøve sjølv skal ein lære» seier Rolf.



Pulje 1 som set i nye nagler i botnbandet. Frå venstre: Are Voll, Else Margrethe Larsen og Ingrid Berger.

Øvst: Det vart gjennomført to kurs med 5 deltakarar på kvart kurs i staden for eitt med 10 deltakarar. Her er eine pulja: Frå venstre: Kjersti Rønningen, Rolf Tennebø, Jon Dag Yksenøy, Jostein Skansen og Jon Morten Slesvik.

Stemninga på kursa har vore god. Deltakarane er så ivrige at dei gløymer både å ta kaffipause, og å gå når kurset skulle vere ferdig for kvelden. Dei fleste som har vore med i vinter har og eigen båt som står og ventar på å bli pussa opp, så det var bra med eit slikt kurs.

Midten: Kursleiar Rolf Tennebø, (til høgre) viser klinking. Frå venstre: Kjersti Rønningen, Jostein Skansen, Jon Dag Yksenøy.

Verkstaden er godt tilrettelagt for kystlaget. Her er det eldre maskiner som avrettar, tjukkelseshøvel og bandsag, dette er verktøy ein ikkje finn kvar som helst. Her er god plass, og laget har no fire færingar ståande i lokala. Litt utfordringar er det også, for båtverkstaden ligg i andre etasje utan køyrebru, så båta-ne må løftast opp og inn med traktor og frontlessarapparat.

Framover håpar laget å auke aktiviteten i huset, for det trengst både aktivitet og inntekter for å halde eit slikt lokale. Laget har litt fortjeneste med å reparere gamle færingar for så å selge dei vidare med litt fortjeneste. Vi håpar óg at medlemmar av laget nyttar seg av høvet til å stå her og reparere på sine egne båtar. Planen er å ha ein fast kveld i veka med aktivitet i verkstaden, slik at medlemmer og andre nysgjerrige kan stikke innom for å jobbe litt eller berre sjå på. Og til hausten vert det nye kurs igjen.

Helsing
Lars Bjarte Osland
Nordfjordbåtlaget



Under: Leiar Lars-Bjarte Osland er glad for å få hjelp til båtskraping.





107 år og like kjapp

sett første gongen i Herand i det herrens år 1915. Men vi stiller ikkje slike spørsmål dersom bestefar er den gamle, sjølv om han har bytt ut rikeleg med delar. Difor er sjølv-sagt babyen til Austevoll kystlag, *Notmann*, den same gamle. Han treng stell og inngrep kvart år no. Men han er like rørig og aktiv som om han var berre halve alderen.

I dag er det vanleg å sjå at aktive eldre byter ut sine utsletne kroppsdelar når funksjonen byrjar å skranke. Det er knapt grenser for kva dyktige fagfolk kan skifte ut. Kne, hofter, lungar, hjarte... sentrale delar i menneskekroppen ryk, og fyk. Delane erstattast av nye, friske delar og folk som elles hadde lagt opp eller vorte lagt ned, held fram langt opp i åra.

Den eldste i Austevoll kystlag mange delar som kunne skif- har det slik, han og. Han har tast ut før det var snakk om komen opp i 107 år, men er ein heilt ny båt, og at den fak- stadig like aktiv, grunna kyn- tiske alderen til båten etter- dige inngrep av dyktige fag- kvart vart vanskeleg å fastslå folk. Ein av desse 'sjøens ki- – det var snart berre kjølstok- rurger' spekulerte i år over kor ken att av båten som blei sjø-



Nye spant

I år var det eit spant som krov merksemd. Me skifta ut to spant i fjor, og like før *Notmann* skulle sjøsetjast, oppdaga ein av båtkirurgane at det var råte i eit spant til. Det vart utsett til neste år slik at ikkje heile seglesesongen gjekk opp i snekring. Seglesesongen vart likevel ikkje heilt som planlagt, då Covid gjorde seg gjeldande. Men det vart nokre fine seglasar for det før båten kom på land att i oktober.

Samling i båthuset


Tidleg i mars byrja dei som har stelt med *Notmann* dei siste åra å samlast i båthuset. Spantemne som var stukke til side for fleire år sidan til framtidig bruk, vart drege under pressenningen og opp i båten. Dimensjonar, måten dei tjukke greinstubane passa til kurvane i skroget og styrke vart vurdert.

Det sviktande knespantet vart løyst ned så heile som mogleg. Trenaglane krov litt boring før dei kunne hamrast ut med forlengingsleddet til eit kraftig pipenøkkelsett som dor. Arbeidet med å grovforma det nye spantet gjekk relativt kjapt. For det meste, blei alt utført med øks. Etter nokre økter fordelt over fleire dagar, kunne fintilpassinga byrja. Det er meir tidkrevjande då alle vinklane under spantet endrar seg når det vert justert ein plass. Baulfilblad vart brukt som følar. Når det ikkje kjem inn under spantet nokon plass i heile lengda på begge sidene, sit spantet som det skal mot skroget. Det var då det vart oppdaga at det var råte i kjølsphantet. Flaten som butte mot knespantet var faktisk berre eit tynt ferniss av ved over eit mjukt hulrom med tremasse. Kjølsphantet måtte skiftast ut og.

Snart klar

No i byrjinga av april, er denne spantdelen utforma og klår for fintilpassing. Til saman har 4 mann fordelt jobben med utskifting av spanta seg imellom. Dei som er ferdig tilpassa, har lege i ei tjære/olje-blanding til impregnering. Det siste er snart klår til å få same impregneringsbad. Nye trenaglar er dreia ut og ligg klår til bruk. Og Notmann er snart frisk og rørig att, klår for eit aktivt 107. år i teneste.

Storebø, april 2021
Thomas Johnson
Austevoll Kyst- og Sogelag



Returadresse: Vestland fylkeskystlag c/o Stiftinga Kystkultur no! Postboks 7900, 5020 Bergen

Meld adresseendringar til: Forbundet KYSTEN, Øvre Slottsgate 2b, 0157 Oslo - forbundet@kysten.no - tlf. 22 42 42 82



Åttringen på veg sørover Bjøranfjorden i forkant av Den Store Roen. Frå venstre: Atle Bergseth, Roy A Nilsen og Magne Bergseth. Foto: Vidar Langeland/Oselvarverkstaden.

Fylkeskystlaget vert båteigar for åttringen *Harald*

Åttringen er bygd av Berit Osmundsen som avslutning på hennar treårige stipendiat hjå Norsk Handverksinstitutt. Gitt av byggherren Norsk Handverksinstitutt i gåve til Vestland fylkeskystlag. Skal brukast til aktivitetar med barn og unge. Døypst på Torgdagen 11. juni av gudmor Sara Hamre Sekkingstad, oppkalla etter båtbyggjaren Harald Dalland, læremeisteren til Berit Osmundsen. Største lengde 8,00 meter, største bredde: 2,1 meter. Seks tofter og fire par årer. Øvrig utstyr: ausekar, bøtte, fendrar og fortøyningstau. Fylkeskystlaget har fått støtte frå Vestland fylkeskommune, Sparebanken Vest og Bergen kommune til innkjøp av ny tilhengar til åttringen, ein Respo 1500 P som har fått påmontert ekstra gangplate. Med denne tilhengaren kan ein person åleine sjøsetja og landsetja båten. Det er òg laga ny slippvogn i sjøvannstolig aluminium spesialbygd til åttringen hjå Vest Båtservice på Sotra. Slippvogna har svingbare framhjul og fikserte bakhjul. Alle båten sine kontaktflater med vogna skal polstrast. Vidare er det kjøpt inn eit partytelt på 3 x 9 m utan vegger. Sumarstid kan båten i kortare periodar stå lagra på tilhengaren/slippvogna under tak i dette partyteltet. Førebels finst det to sideveggflater i mesh-duk (luftig/perforert



duk) med info om byggjeprojektet.

Planen er at det skal utarbeidast fleire slike veggflater med

info om båten, fylkeskystlaget og aktivitetane kring båten. Fylkeskystlaget arbeider no med å etablera ein permanent hovudbase for båten. Det er vidare tanken at båten blir ein tilgjengeleg ressurs for alle kystlaga i Vestland, altså kan laga henta og bruka båten og slik ha aktivitetar med den i periodar. Fylkeskystlaget skal utarbeida reservasjonssystem, vilkår og rutiner som regulerer dette. Vidare skal det opprettast ein digital stad der all aktivitet med båten skal formidlast.

Tekst og foto:
Kjell Magnus Økland